



Statens vegvesen



Prisjustering av bompengetakstane i Askøypakken

I tråd med føringane frå Prop. 197 S (2012-2013) vert bompengetakstane justert i tråd med konsumprisindeksen (KPI).

Frå 1. mai 2019 vert takstane som følgjer (2019 kr.):

	 Takstgruppe 1	 Takstgruppe 2
Ordinær bompengetakst	Kr. 29,00	Kr. 48,00

Takstgruppe 1: Køyretøy med tilleten totalvekt til og med 3500 kg, samt køyretøy i kategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Takstgruppe 2: Køyretøy med tilleten totalvekt frå 3501 kg, ekskl. køyretøy i kategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Køyretøy i takstgruppe 1 med avtale og elektronisk brikke får 20 prosent rabatt.

Endringa medfører at nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 med avtale og elektronisk brikke betalar kr 11,60 per passering, ettersom 50 prosent av ordinær bompengetakst etter rabatt er kr 23,20. Nullutsleppskøyretøy utan avtale og brikke betalar ordinær bompengetakst.

Timesregel og passeringstak på 30 passeringar pr. måned for alle køyretøy med elektronisk brikke og gyldig avtale vert vidareført.

Takstendringa kan klagast inn til Vegdirektoratet innan tre veker frå kunngjering. Klage sendast Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 Leikanger.